

**Iht. adresseliste**

---

DERES REF: | VÅR REF: Sevrin Gjerde  
DOKUMENTKODE: 10226196-PLAN-PBL-003  
TILGJENGELIGHET: Open

Trondheim, 14. oktober 2021

## **DETALJREGULERING ERKNEFLUDA, NORDTAREN OG SKARVØYFLUA – UTBETRING FARLEI**

### **Varsel om igangsetting av detaljreguleringsplan i Ålesund kommune**

#### **1. Samandrag**

Kystverket skal regulere fleire områder i sjøen på Sunnmøre for at farleia langs Norskekysten kan bli sikrare, kan trafikkerast av større båtar, og kan trafikkerast med ein høgare frekvens. Konkret vil planarbeidet leggje til rette for omlegging av farleia og utdjuping av grunner langs leia. Utbetring av farleia vil også omfatte nye sjømerke, men det er ikkje ein del av planarbeidet. Tiltaka er ein del av nasjonal transportplan.

Sidan det vil vere ulike planar i ulike kommunar, vil planarbeidet bli varsle kommevis slik det er vanleg. I dette varselet vil vi vise både heile strekninga som skal regulerast og korleis den er delt inn i ulike planar i kommunane det gjeld. I Ålesund kommune vil det regulerast ein plan for Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua i Valderhaugfjorden vest for mellom anna Hessa, Tuuneset, Gullhaugane og Sukkertoppen.

#### **2. Oppstartsvarsel**

På vegne av Kystverket og i medhald av plan- og bygningslova (PBL) §§ 12-1 og 12-8, varslast det om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for utbetring av farleier i Ålesund kommune.

Dette brevet vert sendt ut til aktuelle myndigheter og organisasjoner. I tillegg sendast det ut til grunneigarar med avstand i underkant av 500 meter frå tiltaksområda som ligg i sjøen. Kystverket er forslagsstillar og Multiconsult er plankonsulent. Oppstart er annonsert i avis Sunnmørsposten i veke 41.

Informasjon om planarbeidet vert også å finne på [kystverket.no](http://kystverket.no), [multiconsult.no](http://multiconsult.no) og [alesund.kommune.no](http://alesund.kommune.no) med m.a. referat frå oppstartsmøte med kommunen og planinitiativ, jf. PBL. § 12-8.


#### **3. Føremål med planarbeidet**

Planarbeidet skal legge til rette for at farleia forbi Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua kan utdjupast. Det er forventa at transport på sjøen vil auke i åra som kjem, og planane langs farleia vil sikre framkommeleghet, god frekvens, og trygg ferdsel.

#### **4. Lokalisering av planområda**

Dette varslingsbrevet gjeld ein reguleringsplan ved Erknefluda, Skarvøyflua og Nordtaren i Valderhaugfjorden i Ålesund kommune. Planavgrensinga er vist lenger nede i brevet.

Varsel om planoppstart



Figur 1. Planområda si lokalisering langs farleia er vist med kvit sirkel. Dette varslingsbrevet gjeld område innanfor raud sirkel.

## 5. Planprosess

Med bakgrunn i planinitiativ og oppstartsmøte med Ålesund kommune er det gjort politisk vedtak for oppstart av reguleringsplan. Planutvalet i Ålesund kommune støttar at det vert starta opp detaljregulering for det aktuelle området og at Kystverket får overført planmyndet til kommunen fram til slutthandsaming av planen i samsvar med Pbl. § 3-7, jf. vedtaksbrev Ålesund kommune 28.09.2021. Dette inneberer at Kystverket, i samråd med planmyndigheita, kan fremje forslag til arealplan og vedta å legge planane ut til offentleg ettersyn.

Tilgjengeleg informasjon om områda vil danne grunnlag for utarbeidinga av planen. Reguleringsplanen blir utarbeidd i samsvar med plan- og bygningslova, og er samansett av juridisk plankart og planføreseigner, samt ein planomtale som skildrar føremålet med planen og korleis den påverkar miljø og samfunn. Planane vil også innehalde ei risiko- og sårbarheitsanalyse, og ytterlegare utgreiingar slik det er vist til i punkt 10 og 12.

## 6. Vidare framdrift

Planen varslast no og vil bli utarbeidd denne hausten og våren 2022. Etter grundig utarbeiding vil planforslaget bli lagt ut til offentleg ettersyn. Vi antek at dette skjer nærmere sommaren 2022. Innspel og merknadar frå offentleg ettersyn vil deretter bli innarbeidd i planforslaget og planen sendast til politisk stadfesting i kommunane. Når planen er vedteken, vil det bli søkt om godkjenning til å mudre. Mudring i sjø krev eigen søknad i samsvar med forureiningforskrifta kap. 22. Når desse godkjenningane er klare kan arbeid med tiltaka starte. Dette forventast å skje i 2024.

---

Varsel om planoppstart

## 7. Skildring av gjennomføring av tiltak


For å gjennomføre utdjupingar nytta ein mudringsfartøy som vist på biletet nedanfor. Ved utdjuping av lausmasser nytta grabbmudring (mekanisk muring) på split lekter. Ved utdjuping i berg brukast det sprenging og opphenting ved grabb. Sprengingsarbeid må følgje NS 8141-2001 og sprengingsplan må planleggjast i detalj for å unngå skade på dyreliv og omgjevnader. Massane frå utbetrinna er planlagt lagt i deponi på land eller i sjøen.



Figur 2. Mudringsfartøy med grabbe og split lekter. Foto: Ole Bjørn Molnes, Gjerdsvik 3 april 2019

## 8. Planområdet

Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua ligg ca. 1 km vest for kystlinja langs Tueneset, Gullhaugane og Stavneset. Planområdet er ca. 1150 dekar stort, men vil truleg vere mindre ved endeleg planutkast. Det er registrert to grunner ved Erknefluda, seks grunner ved Nordtaren og tre grunner ved Skarvøyflua. Alle grunnene skal utdjupast til omlag -13,3 m. I planarbeidet legg ein til grunn ei ekstra margin slik at ein kan utdjupe ned mot ca. -18 m.



Figur 3. Kartet viser planavgrensning for Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua med svart stipla linje og grunner med raud skravering.

## 9. Deponi

Massane frå utdjupinga er tenkt lagd i deponi på land eller i sjøen. Kystverket ynskjer primært at massane skal nyttast til samfunnsvyttige føremål på land. Samstundes vil planane legge til rette for deponi i sjøen på utvalde plassar innanfor planområdet. Grunnen til dette er at det er overordna viktig å ha deponi som er klare når tiltaka skal gjennomførast. Fleire moglege alternativ for deponi sikrar gjennomføring utan opphold.

I samband med innleiande arbeid er det gjort foreløpige vurderinger av lokalisering av sjødeponi for å handtere massane som skal fjernast frå utdjupingsområda. Denne vurderinga er samanfatta i eit eige notat som er vedlegg til planinitiativet, og vil vere tilgjengeleg frå nettsider nemnd i punkt 2 i brevet.

## 10. Sentrale tema i planarbeidet

Ved mudring- og sprengingsarbeid må det takast omsyn til stadleg skipstrafikk og signal/merking av leia. Installasjonar og/eller område som er sensitive for sprengingsrystingar og ev. trykkbølger som forplantar seg gjennom vatnet må også takast omsyn til. Eksempel på slike områder er gyteområde og oppdrettsanlegg. Til sist vil omsynet til natur og dyreliv i sjøen vere viktig i planarbeidet. Vidare vil omsynet til fiskeri vurderast i arbeidet.

Tiltaka knytt til utdjuping er utgreidd for grunnforhold, marin teknikk, naturmangfold og miljøgeologi. Dette er samanfatta av Multiconsult i fleire rapportar. Areal for sjødeponi er ikkje utgreidd. Det er planlagt tematiske utgreiingar knytta til:

- Naturmangfold, både marint liv og sjøfugl
- Marin teknikk
- Miljøgeologi

Varsel om planoppstart


- Grunnforhold
- Støy og trykkbølgjer frå arbeid med sprenging.

Det føreslegne planområdet er i bruk til taretråling, og tilpassing til dette bør inngå som en del av grunnlaget for reguleringsplanen

Havforskingssinstituttet har registrert miljøverdiar i området og skrive ein rapport «foreslatt SVO» (Særliigverdifulle og sårbare områder). Arbeidet er ikkje ferdig og denne første rapporten vurderer kun miljøverdiane. Vidare arbeid, som pågår no i 2021, ser på sårbarheit i SVO-området langs kysten.

## 11. Forholdet til andre planar

Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua ligg i arealformål NFFF (natur, friluftsliv, fiske og ferdsel) i gjeldande overordna plan i Ålesund kommune: «Kommunedelplan for Ålesund 2016-2028», vedteken 09.03.2017. Sjøområda er ikkje omtalt i særskilt grad i planen. I planområdet er det ei stipla linje som viser skipsleia/farlei. I strandsona og ut i sjøen er det lagt inn ei omsynssone for kulturminne/ kulturmiljø (H570\_B). Ved Tueneset er det blant anna krigsminne. Sprenging i fjell eller etablering av sjødeponi er etter Ålesund kommune si vurdering ikkje i tråd med kommunedelplanen.



Figur 4. Kartutsnitt av Kommunedelplan for Ålesund kommune med planavgrensing for Erknefluda, Nordtaren og Skarvøyflua i raud stipla linje. Grunnene er markert med raud skravering.

---

Varsel om planoppstart

## 12. Krav om konsekvensutgreiing

Føremålet med konsekvensutgreiingar er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir tatt i betrakting under førebuinga av planar og tiltak. Forslagsstillaren skal vurdere om tiltaket fell inn under forskrifa, og skal koste utgreiingane, jamfør plan- og bygningslova § 4 og forskrift om konsekvensutgreiing §§ 6 og 8, jamfør også §10.

Forslagsstills vurdering i planinitiativet var at tiltaka ikkje var KU pliktig etter § 6. Farleia eksisterer i dag og det vil ikkje leggjast til rette for annan bruk enn i dag.

Vidare vurderte forslagsstillar at §8 ikkje kom til nytte fordi tiltaka ikkje omfatta sjødeponi med massar over 50 000 kubikkmeter.

Sidan tiltaka ikkje er i tråd med overordna plan og at Kystverket får mynde til å legge planen ut til offentleg ettersyn, har kommunen gjort ei eiga vurdering av krav om konsekvensutgreiing. Kommunen har kome fram til at tiltaka samla sett utløyser krav om konsekvensutgreiing, men at det ikkje er behov for planprogram.

I ei samla vurdering gjort i oppstartsmøtet, blei det avtalt at konsekvensutgreiing skal utførast.

## 13. Medverknad

Planen vert med dette kunngjort igangsett og dei som ønskjer kan komme med innspel til planarbeidet, sjå nærmare info om dette nedst i brevet. Dokument knytt til varslinga av oppstart av planarbeid, mellom anna referat frå oppstartsmøte og planinitiativ frå forslagsstillar jf. PBL 12-8, vil vere tilgjengeleg frå Kystverket og Ålesund kommune si heimesider. Etter at frist for innspel er gått ut, utarbeidar Multiconsult forslag til reguleringsplan på vegne av Kystverket.

I arbeidet med planen vil vi ha samtalar med ulike mynde ved behov.

Når reguleringsplanen er utarbeidd vil den leggast ut til offentleg ettersyn. Aktuelle myndigheiter, og andre det vedkjem, får varsel om dette og kan kome med merknader innan ein frist. Offentleg ettersyn blir kunngjort i lokale aviser, og på kommunen si nettside. Vi antek at planen vil bli lagt ut våren/sommaren 2022.

Det vil haldast eit digitalt ope informasjonsmøte i samband med planarbeidet den 20. oktober kl. 18-20 i nettlesar/Teams app. Link til møtet vil bli annonsert på kommunen si heimeside. Link til møtet finnast også frå QR-koden i dette brevet. Sjå nedanfor.



Link til møte:

<https://tinyurl.com/OpeInformasjonsmote>

**14. Merknader til oppstartmelding**

Innspel til planarbeidet kan sendast skriftleg til e-post [sevrin.gjerde@multiconsult.no](mailto:sevrin.gjerde@multiconsult.no) eller Multiconsult v/ Sevrin Gjerde, Pb. 6230 Torgarden, 7486 Trondheim.

**Frist for innspel er 16.11.21**

Spørsmål til reguleringsplanarbeidet kan rettes til Multiconsult v/Sevrin Gjerde på e-post [sevrin.gjerde@multiconsult.no](mailto:sevrin.gjerde@multiconsult.no) eller på tlf. 906 38 390.

Med vennlig helsing

**Multiconsult**



Sevrin Gjerde

Adresseliste

Myndighet/Organisasjon	E-post/Adresse
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	<a href="mailto:sfmrpost@statsforvalteren.no">sfmrpost@statsforvalteren.no</a>
Møre og Romsdal Fylkeskommune	<a href="mailto:post@mrfylke.no">post@mrfylke.no</a>
Statens vegvesen, Region Vest	<a href="mailto:firmapost-vest.vegvesen.no">firmapost-vest.vegvesen.no</a>
Norges vassdrags- og energidirektorat NVE – region Vest	<a href="mailto:rv@nve.no">rv@nve.no</a>
Naturvernforbundet Møre og Romsdal	<a href="mailto:moreogromsdal@naturvernforbundet.no">moreogromsdal@naturvernforbundet.no</a>
Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum	<a href="mailto:marinarkeologi@sjofartsmuseum.no">marinarkeologi@sjofartsmuseum.no</a>
Atlanterhavsparken	<a href="mailto:mail.atlanterhavsparken.no">mail.atlanterhavsparken.no</a>
Fiskeridirektoratet, region Møre og Romsdal	<a href="mailto:postmottak@fiskeridir.no">postmottak@fiskeridir.no</a>
Direktoratet for mineralforvaltning	<a href="mailto:mail@dirmin.no">mail@dirmin.no</a>
Møre og Romsdal Fiskarlag	<a href="mailto:fiskarlaget@fiskarlaget.no">fiskarlaget@fiskarlaget.no</a>
Kystverket Midt-Norge	<a href="mailto:post@kystverket.no">post@kystverket.no</a>
Musea på Sunnmøre	<a href="mailto:postmottak@mupsu.no">postmottak@mupsu.no</a>
Aalesunds museum	<a href="mailto:post@alesunds.museum.no">post@alesunds.museum.no</a>
Ålesund kommune, dokumentsenteret	<a href="mailto:postmottak@alesund.kommune.no">postmottak@alesund.kommune.no</a>
Miljødirektoratet	<a href="mailto:post@miljodir.no">post@miljodir.no</a>
Natur og ungdom, Møre og Romsdal	<a href="mailto:mr@nu.no">mr@nu.no</a>
Giske kommune	<a href="mailto:post@giske.kommune.no">post@giske.kommune.no</a>
Statkraft Energi AS	<a href="mailto:post@statkraft.com">post@statkraft.com</a>
Hurtigruta	<a href="mailto:firmapost@hurtigruten.com">firmapost@hurtigruten.com</a>
Ålesund Motorbåtforening	<a href="mailto:formann@aamf.no">formann@aamf.no</a>

Varsel om planoppstart

Naturvernforbundet, Avdeling Ålesund	<a href="mailto:aalesund@naturvernforbundet.no">aalesund@naturvernforbundet.no</a>
SABIMA	<a href="mailto:sabima@sabima.no">sabima@sabima.no</a>
Giske Fiskarlag	<a href="mailto:giskefiskarlag@live.no">giskefiskarlag@live.no</a>
Møre Nett AS	<a href="mailto:firmapost@morenett.no">firmapost@morenett.no</a>
Nordvest nett	<a href="mailto:post@nvn.no">post@nvn.no</a>
Telenor	<a href="mailto:kabelnett@telenor.com">kabelnett@telenor.com</a>
Norsk ornitologisk foreining, Møre og Romsdal	<a href="mailto:olbjorn@geodata.no">olbjorn@geodata.no</a>
Sunnmøre friluftsråd	<a href="mailto:post@friluftsraadet.no">post@friluftsraadet.no</a>
Ålesundsregionens havnevesen	<a href="mailto:post@alesund.havn.no">post@alesund.havn.no</a>
Ålesund brannvesen KF	<a href="mailto:brannvesenet@alesund.kommune.no">brannvesenet@alesund.kommune.no</a>
Ålesundregionen interkommunale miljøselskap IKS	<a href="mailto:post@arim.no">post@arim.no</a>
Direktorat for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB	<a href="mailto:postmottak@dsb.no">postmottak@dsb.no</a>
Fortidsminneforeningen, Sunnmøre avdeling	<a href="mailto:Sunnmøre.avdeling@gmail.com">Sunnmøre.avdeling@gmail.com</a>
Forum for natur og friluftsliv, Møre og Romsdal	<a href="mailto:moreogromsdal@fnf-nett.no">moreogromsdal@fnf-nett.no</a>
Ålesund Jeger- og fiskerforbund	<a href="mailto:aajsff@gmail.com">aajsff@gmail.com</a>

*Grunneigarar innan 500 m frå tiltaksområdet i sjøen:**Gardsnr/bruksnr:*

118/298	120/10
118/379	120/39
120/1	120/42
120/2	120/43
120/3	120/72
120/4	120/200
120/5	120/436
120/6	120/450
120/9	120/455
120/457	
120/461	
120/462	
121/2	
122/1	